

RAPPORT OM AVVIK OG UØNSKA HENDINGAR RELATERT TIL SAMHANDLING

(Koordineringsrådet 10.09.15)

Utviklinga i tal meldingar frå Helse Førde og kommunane går fram av tabellen nedanfor.


År	Melde av Helse Førde	Melde av kommunane	Sum
2010	15	32	47
2011	19	55	74
2012	14	83	97
2013	29	88	117
2014	241	84	325
2015 - 7 mnd	116	62	178

Ein stor del av meldingane frå Helse Førde i 2014 og i 2015 dei første månadene er meldingar frå AMK om at det ikkje er oppnådd kontakt med kommunal lege på helseradio, både i høve til test og faktiske hendingar. Det er ein tendens til auke i tal meldingar også om ein ser bort frå denne kategorien avvik.

Det ser framleis ut til å vere vesentlege skilnader i meldingskultur og praksis i kommunane. Det er t.d. fem kommunar som ikkje har meldt avvik i det heile dei to siste åra. Kommunane Årdal, Flora, Hyllestad og Stryn har sendt flest meldingar i 2015. I Helse Førde er det AMK som har stått for 80 % av avviksmeldingane i 2014 og så langt i 2015.


Fordelinga på hovudkategoriar:

Det har vore ein klar tendens til reduksjon i tal meldingar som gjeld utskriving av pasientar frå sjukehus frå 2013 til 2014 (grønt i diagramma til høgre), og denne situasjonen har ein framleis i 2015. Dette stadfester inntrykket av at oppfølginga av rutinar og kommunikasjonen mellom partane fungerer. Innføring av elektronisk meldingsutveksling er vurdert som ein del av årsaka til dette. I fylkesmannen sitt tilsyn med samhandlinga om utskriving av pasientar i april 2015 vart det ikkje registrert avvik, og det var heller ingen merknader frå tilsynsstyresmakta.




Tal meldingar som gjeld innlegging (mørkast blått i diagramma) har auka, og ein vesentleg del av dette skuldast at Helse Førde v/AMK i ein periode melde alle hendingar der kommunal lege ikkje var tilgjengeleg på helseradio som avvik.

Meldingar som gjeld tilvising og innlegging:




Meldingane som gjeld manglande kontakt med kommunal lege over helseradionettet står for fleirtalet av sakene kategorisert som «andre hendingar». Her er det og registrert ein del andre saker som gjeld svikt i kommunikasjonen mellom AMK og kommunale tenester.

Meldingar knytt til pasienten sitt opphald på sjukehus:



I erfaringsamlingar knytt til bruk av avvikssystemet og i andre samanhengar er det understreka at avvik som gjeld elektronisk meldingsutveksling skal meldast i det ordinære avvikssystemet, sjølv om det også er ei elektronisk meldingstype som er kalla avviksmelding. Dette ser ut til å ha hatt effekt, og tal meldingar som gjeld manglar ved varsling har auka. Dette er nokså klart eit uttrykk for tidlegare underrapportering.

Meldingar knytt til utskriving:



Ein ser at meldingar om avvik og uønska hendingar som gjeld varsling/logistikk ved utreise har gått ned, og dette vert ikkje vurdert som problematiske område no.

Det er færre avviksmeldingar knytt til utskriving totalt sett. Ein ser framleis at risikoområda er informasjonen som skal følgje pasienten ut, i epikrise og i medisinliste. Vidare skjer det i ein del tilfelle at pasientar blir utskrivne utan tilgang på medisin. Tal meldingar som gjeld desse områda har auka ein del sidan siste rapportering den 01.06.15.

Alle dei nemnde risikoområda blir det arbeidd med i nettverk mellom partane, m.a. med sikte på forbetring av avtalefesta rutinar og betre implementering av rutinar.

Det er meldt om i alt 5 hendingar i 2015 under opphald i kommunen. Dette er veldig ulike hendingar og avdekker ingen tendensar til systemsvikt.

Avviksmeldingar knytt til behandlingmessige forhold:

	2013	2014	2015
Feil ved behandling	8	4	3
Usemjje om behandling/oppfølging	3	8	2
Sending av prøver til laboratoriet	0	7	1
Bemannig på legevakt	0	3	0
Diverse	4	13	0
Sum	15	35	6

Dette går ein del på ulike oppfatningar av rett behandling og oppfølging mellom sjukehuslegar og kommunale legar.